



## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Silvia Økland	N - 111.2	13/601

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
091/15	Formannskapet	PS	30.11.2015
117/15	Kommunestyret	PS	14.12.2015

### EIGEDOMSSKATTEVEDTAK 2016

**Prenta vedlegg:**

EIGEDOMAR MED FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2016

**Saksopplysningar:**

Rådmannen, 06.11.2015

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Eigedomsskattelova.

**Saksorientering:**

Sveio kommune fatta vedtak om innføring av eigedomsskatt i kommunestyret 13.12.2010.

I følgje eigedomsskattelova §§ 11 og 13 skal eigedomsskattesatsen ver frå 2 til 7 promille, og kan ikkje aukast med meir enn 2 promille per år.

Kommunestyret kan årleg fastsetje botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje blir nytta til næringsverksemd (sjå eigedomsskattelova § 11 andre ledd). Botnfrådraget skal vere eit fast kronebeløp som skal trekkjast frå taksten før skatten blir berekna. I Sveio kommune er det ca 3 000 bueiningar, medrekna fritidsbustader. For kvar 100 000 kroner i botnfrådrag vil inntektene av eigedomsskatten bli redusert med ca kr 600 000. Ein må her vera merksam på at skattøyret ikkje kan aukast same året som botnfrådrag fell bort.

I følgje eigedomsskattelova § 7 bokstav c kan kommunestyret gjera vedtak om fritak i inntil 20 år for nyoppført bygning som heilt eller delvis skal nyttast til bustadføremål. Eventuelt fritak gjeld frå den tida bygningen vart ferdig.

**Økonomiske konsekvenser:**



Skattesatsen vil i stor grad påverka inntektene kommunen får frå eigedomsskatten. Botnfrådrag og fritak for nyoppført bygning til bustadføremål vil gje reduserte inntekter.

**Vurdering i høve til ROS analyse:**

Ikkje relevant.

**Uttale frå barnerepresentanten etter PBL:**

Ikkje innhenta.

**Vurdering:**

Rådmannen foreslår at eigedomsskattesatsen blir sett til 2 promille også i 2016. Ein legg også til grunn at det i 2016 blir gitt botnfrådrag for alle sjølvstendige bueningar.

Rådmannen har utarbeida liste for moglege fritaksobjekt. Det blir foreslått at denne lista blir lagt ut til offentlig ettersyn i same periode som eigedomsskattelistene, slik at stiftingar, lag og organisasjonar som har eigedom i Sveio, men som ikkje har kome med på lista, kan søkja kommunen om fritak.

**Rådmannen sitt forslag til vedtak:**

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. Eigedomsskattesatsen er 2 promille.
3. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi.
4. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
6. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 15.3. og 15.9. i skatteåret.
7. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføremål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.



Formannskapet - 091/15

**FOR - behandling:**

Rune Teikari forslår følgjande endring i pkt. 3:

3. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsatt ei botnfrådrag på kr. 300.000 av takstverdi.

RØYSTING: 5 stemte for rådmannen sitt forslag og 3 stemte for Teikari sitt forslag.

**FOR - vedtak:**

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRE:

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. Eigedomsskattesatsen er 2 promille.
3. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi.
4. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
6. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 15.3. og 15.9. i skatteåret.
7. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføre mål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.

Kommunestyret - 117/15

**KOM - behandling:**

Rune Teikari la fram følgjande framlegg til nytt punkt 3:

For å bidra til reduksjon i eigedomsskatten og styrke den sosial profilen i denne, vil Sveio FrP auke botnfrådraget fra kr. 100.000 til kr. 300.000 for 2016.

Sveio FrP har på bakgrunn av dette følgjande framlegg til nytt punkt 3 i vetak for sak 117/15 "EIGEDOMSSKATTEVEDTAK 2016":

3. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsatt ei botnfrådrag på kr. 300.000 av takstverdi.

Votering: Formannskapetets si tilråding til pkt. 3 falt med 12 stemmer.



RØYSTING: Formannskapetets tilråding pkt 1, 2, 4, 5, 6, 7 og 8 vart samrøysta vedtatt. Teikari sitt forslag vart vedtatt med 13 stemmer.

### **KOM - vedtak:**

1. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015: § 3 a) Eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen.
2. Eigedomsskattesatsen er 2 promille.
3. For bustaddelen av eigedomar (gjeld også fritidseigedomar) som ikkje nyttast til næringsverksemd blir det fastsett eit botnfrådrag på kr 300 000 av takstverdi.
4. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a blir det gitt fritak for eigedomar eigd av stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten. Dette gjeld for eigedomar på vedlagte fritaksliste.
5. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b blir det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi. Dette gjeld for eigedomane på vedlagte fritaksliste.
6. Eigedomsskatten har to hovudterminar; 15.3. og 15.9. i skatteåret.
7. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen gjeldande skattevedtekter.
8. I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c blir det gitt fritak i 4 år for ny bustad med ferdigattest etter 01.01.2012. nytta til bustadføre mål. Fritaket gjeld i 4 år etter at bustaden er ferdig.